

TYSNES KOMMUNE



**LOKALE RETNINGSLINER FOR TILDELING AV
STARTLÅN OG BUSTADTILSKOT TIL ETABLERING
I TYSNES KOMMUNE**

Vedtekne i Tysnes kommunestyre 13. desember 2016

1. Føremål

Startlån og bustadtilskot skal bidra til at personar med langvarige bustadfinansieringsproblem, skal kunne skaffe seg ein eigna bustad og behalda den.

Som langvarige bustadfinansieringsproblem reknast husstandar som verken no eller seinare vil kunne få finansiert bustad på annan måte enn ved bistand frå kommunen.

2. Kven kan få lån?

Med finansieringstilbod frå kommunen ønskjer ein å bidra til at alle som vil etablera seg i eigen bustad, men ikkje kan få tilstrekkeleg finansiering i ordinære kredittinstitusjonar, skal kunna skaffe seg eigen, nøktern bustad. Ordningane er behovsprøvde, og startlån frå kommunen føreset at husstanden har økonomi til å svara for lånet.

Startlån skal tildelast etter ei behovsprøving. I vurderinga skal kommunen legge vekt på om søkeren:

- a) forventast å ha langvarige problem med å finansiere eigen bustad
- b) har nytta høve til sparing innafor dei økonomiske rammene som følgje av søker sine inntekter og naudsynte utgifter til livsopphald
- c) har ingen andre høve til å skaffa seg midlar t.d. ved sal av eigedom eller andre aktiva

Uavhengig av ovannemnde vurderingar kan kommunen gje startlån i desse situasjonane:

- 1.husstanden har barn og/eller særlege sosiale eller helsemessige utfordringar, og omsynet til å sikra ein trygg, god og stabil busituasjon innan kort tid talar for det
- 2.husstanden har problem med å dekkja buutgiftene til ein nøktern bustad, og refinansiering med startlån kan bidra til at husstanden kan bli buande
- 3.busituasjonen er etter ei særskilt vurdering til vesentleg hinder for allminneleg samfunnsdeltaking

Ungdom og andre som manglar tilstrekkeleg eigenkapital, er i seg sjølv ikkje i målgruppe for startlån. Det vert føreset at søker utnyttar høve til å spare opp nødvendig eigenkapital og søkje lån i vanleg bank.

Personar busette i Tysnes kommune kan søkja om førehandsgodkjenning eller lån til konkret bustad. Førehandsgodkjenning kan gjevast for maksimalt 6 månader.

Det vert ikkje gjeve førehandsgodkjenning for personar busett utanfor Tysnes.

3. Bustadfinansiering omfattar

Startlån

Startlån kan som hovudregel ikkje ytast til bustader som har ein kjøpesum/kostnad på meir enn kr 3 million. Kjøpesum bør ikkje overstiga takst/marknadsverdi. Det kan ikkje gjevast startlån på beløp som kan finansierast gjennom den allminnelege bustadlånemarknaden.

Det vert føreset at oppsparte midlar vert nytta til eigenkapital ved tildeling av startlån.

Bustaden som skal finansierast må liggja i Tysnes kommune og vera nøktern i høve til husstandsstorleik og inntekt. Søkjar må sjølv bu i bustaden som må vera godkjend som heilårsbustad der husstanden skal stå folkeregistrert. Dersom bustaden alt er kjøpt, må det søkjast om finansiering innan 3 månader etter at kjøpet fann stad.

Startlånet kan nedbetalast over inntil 25 år, i særlege høve 30 år. Renta følgjer Husbanken sin rentefot til ei kvar tid, med tillegg for kommunen sitt rentepåslag.

Tilskot til tilpassing

Tilskot til tilpassing er ei økonomisk behovsprøvd ordning til personar som treng tilpassing av bustaden i samband med funksjonshemming/tap av funksjonsevne. Ordninga skal medverka til at personar som har behov for spesialtilpassing skal kunne bli buande i bustaden sin. Tilskotet blir nedskrive over 20 år med likt beløp kvart år, avrekning kvar månad. Dersom bustaden blir selt, eller ikkje skal nyttast av søkjar før 20- årsfristen, skal attståande tilskot betalast attende.

Det bør søkjast før tilpassing er sett i gong. Behov og omfang av tilpassing bør vere avklart med ergoterapeut eller annan fagperson.

Tilskot til etablering

Tilskot til etablering er ei økonomisk behovsprøvd ordning til særskilt økonomisk/sosialt vanskelegstilte personar. Tilskotet blir nedskrive over 20 år med likt beløp kvart år, avrekning kvar månad. Dersom bustaden blir selt, eller ikkje skal nyttast av søkjar før 20- årsfristen, skal attståande tilskot betalast attende. Tilskotet kan vera eit supplement til startlån.

4. Korleis få bustadfinansiering?

Søknad kan sendast elektronisk på husbanken.no/startlån/

Alle husstandsmedlemar må framkome i søknaden. Alle inntekter/faste utgifter og formuestilhøve må gjevast opp og dokumenterast, samt andre opplysningar som opplyser om den økonomiske og sosiale situasjonen, t.d. framtidige endringar. Er søknaden mangelfull, må det innhentast fleire opplysningar før saka kan handsamast. Søkjarane vert kredittvurdert gjennom kommunen sin samarbeidsbank i høve startlån og bustadtilskot.

Ved spørsmål eller behov for rettleiing vert det å ta kontakt med Tysnes kommune.

5. Sakshandsamingstid

Søknaden vert handsama etter forvaltningslova sine reglar, og krav til handsamingstid.

6. Rentemargin

Til dekking av administrative kostnader vert husbankrenta påplussa 0,25 prosentpoeng.